

AURSJØMYRA I VERRAN.

Av forsøksassistent Aksel Hovd.

Fer ein den nye riksvegen frå Follafoss på nordsida av Beit-stadfjorden og Verrasundet, så har ein Aursjømyra ei mils veg vestanfor Verrabotn. Der tok Ny Jord til med bureising i 1923—24, og her er bygd 18 nye gardar. Myra er 2700 mål, og det er tillagt 17—1800 mål skog og 900 mål hamning og fjell.

Det norske myrselskaps forsøksstasjon har nå i 17 år hatt forsøk på Aursjømyra, og vi skal her gjeva ei stutt utgreiing om myra og forsøka.

Aursjømyra er ei simpel dyrkingsmyr, kalkfattig og lite molda, og det verste er at ho er ikkje så lite fortorva, alt i plogdjupn er det mange stader bra brenntorv. Slik myr er vanskeleg å dyrka, lite gjennomtrengeleg for vatn, så det må uvanleg sterkt grøfting til. Ved fyrste dyrkinga vart det grøfta med 9 m teigar, men myra var ennå for våt, seinare er det grøfta med 6 m avstand som nå er halde for høveleg. Det vert kostbar dyrking med så sterkt grøfting. Myra har tett og seig brenntorvstruktur, lufting og smuldring er vanskeleg, og serleg engvekstene vert veike, dei får dårlig rotfeste og går lett ut. Stort sett må ein nok seiia at dyrkinga var mindre vellukka i kvart fall fyrste åra. I seinare år er her noko betring ved sterke grøfting, ny ompløyning, kalking og gjødsling.

I 1927 kom dei fyrste forsøka i gang, og dei er halde ved lag til 1943.

Forsøka har vist at både kalking og sand- eller leir-køyring må til. Kalken er etter måten det mest verksame og billegaste kulturmiddel her, ennå fraktutgiftene er store. Høveleg kalking er 5—600 kg kalksteinsmjøl pr. mål på nyland, og seinare ca. 300 kg pr. mål etter 8—10 år.

Men kalking áleine løyser ikkje spørsmålet om jordbetring, også sand- eller leir-køyring må til, og dette er eit arbeidsamt og såleis kostbart kulturmiddel. Det har vist seg at leir har større og varigare verknad og tåler noko større arbeidskostnad enn sand. Høveleg mengde pr. mål er 50—60 lass sand eller leir på nyland og 20—30 lass ved fyrste ompløyning av myra. Hermed skulle jordbetringa vera i orden, og med godt materiale (leir) har ein tilført ein reserve av voksternæringer, serleg kalking.

Utan kalk og jordbetring har avlinga vori kring 200 kg høy pr. mål, ofte mindre. Med kalking 300—350 kg, og med sand eller leir 450—500 kg pr. mål, ofte meir i medel for 4—6 år eng. Utslaget for jordbetring er oftast større enn for kalking.

Det er klårt at jordbetring er viktig og lønsam, men krev mykje arbeid og framtak og bør få serleg stønad gjennom dyrkingstilskottet. Ved demonstrasjonsfelter og arbeidsprøver skulle ein prøve å få eit så vel kulturvori som økonomisk grunnlag for slike arbeidstiltak

på bureisingsfelt på simpel myr, som vi nå har fleire av, og får nok ennå fleire i framtida.

Når det gjeld gjødslinga, viser forsøka på Aursjømyra også utslag som er typiske for myrjord. Det må allsidig gjødsling til på lite molda myr. Det er størst utslag for fosforsyre, utan fosfat ingen avling. Som grunngjødsling på nyland er finmale råfosfat vel så økonomisk i bruk i større mengder som superfosfat. Råfosfatet er billegare og meir konsentrert. Høveleg mengde på nyland er ca. 30 kg råfosfat (Nora 26 %) pr. mål.

Kali og kvæve viser og store og lønsame utslag. Kalitrongen vil auke med stigande avlingar utetter åra. Men det er nok grunn til å vera varsam med større mengder kvævegjødsel på så simpel jord og ofte med tunn og därleg eng. Det er stor nedbør herute mellom fjella (ca. 1900 mm i året — 700 mm i mai—september og 300 mm i mai—juli) og dermed mykje utvasking av kvæve, delvis også av kali.

Men trass i simpel jord og vanskelege dyrkingsvilkår har likevel sterk gjødsling med kunstgjødsel lønt seg betre enn veik gjødsling. Ein må her som elles tilmåtte gjødslinga etter kultur og veksevilkår.

Overgjødsling med husdyrgjødsel på enga har vist seg fullt rasjonell og lønsam her. Det ser ut til at enga vert meir tett og varig ved bruk av husdyrgjødsel. Enga vert og jamnare og utslag og overskott vert større. Det er som nemnt mykje nedbør i veksttida her, og i vått og kjøleg verlag er nok faren for kvævetap ikkje serleg stor. Ein rasjonell engkultur synes her å krevja attlegg utan dekkvekst. Ved attlegg i bygg eller grønför vert enga lett for veik til å veksa ut og greia overvintringa skikkeleg.

Høveleg gjødsling til eng skulle vera: 10—12 lass husdyrgjødsel pr. mål i attleggsåret — utan dekkvekst, og i engåra 15—20 kg superfosfat 18 % + 20 kg kalisalt 40 % + 20 kg kalksalpeter, og dertil 8—10 lass husdyrgjødsel som overgjødsling i 3. engår, ein reknar då med 4—5 år eng.

Når det gjeld plantekulturen, så er det føravlen som er viktigast her. Sjølvsgart kan ein også ta mogen kornavling av tidlege slag som Jotunbygg, Kjевik-, Stjerne- og Maskinbygg, og av havre Nidar II. Ein bør avle noko korn til eige bruk, sjølv om dyrkingsvilkåra ikkje er dei beste, og her er fåre for nattefrost.

Vi har hatt forsøk med ymse engvekster og frøblanding, og det har vist seg — det ein og kunne venta — at det trengs hardføre og nøysame engvekster her. Timotei (frøavl på Mæresmyra) har komi bra att i enga, men vert ofta tunn eller går ut i 3—4 engår. Kvein (norsk frøavl) har vist seg hardfør og tevlar godt med timotei i avling. Engrapp og seinrapp (myrrapp) har haldi seg bra i enga. Engrapp veks seint til og har noko liten avling. Seinrapp gjev større avling, men det finst ikkje frø i handelen. Engrevehale er vel hardfør nok, men har vanskeleg for å veksa ut på simpel myr og har lita avling. Engsvingel, svingelfaks m. fl. er for kravfulle og lite hard-

føre her. Kløver (raud- og alsike) har ikkje komi vidare att i enga og sjølv med kalking og jordbetring vil han nok vera usikker i fyrste tilgang.

Ei høveleg frøblanding skulle vera: 2,0 kg timotei (trøndersk eller nordnorsk) og 1,5 kg norsk kvein pr. mål. Kvein vil halda seg og ta romet når timoteien går attende i enga. Ved attlegg er det sers viktig å planere og jamne myra vel, så is og overflatevatn ikkje vert ståande i dælder og søkk, dermed hindrar ein isbrann m. v. og får jamnare og varigare eng.

I plantevalet er ein elles bundi til mindre kravfulle vekster. Rotvekster går dårleg, og poteten er noko for usikker på grunn av frostfåren. Eit forsøk med ymse vekstskifte synes å visa at fleire år åker med arbeidning og gjødsling til rotvekster og korn ikkje gjev betre avlingsresultat enn veik drift med grønför og eng. Dette gjeld den djupe og simple myra. På grunnare og betre myr ut mot randbeltet (kanten av myra) går vel kravfulle vekster noko betre. På slik myr har gulrot slegi bra til i gode år. For gardane som ligg midt på myra er nok førebels ei veik drift med eng og grønför og litt korn og potet til eige bruk det sikraste. Men dei som ligg ut mot kanten av myra og har noko fastmark, står meir fritt i plantevalet og kan gjennomføra ei meir rasjonell drift.

Det har vori mange vanskar med dyrking og drift, og tiltak og arbeidshug er ofte sett på hard prøve for dei som tok til her ute på Aursjømyra. Fyrste tida kom folk frå ymse bygder og tok til med bureising, men dei har seinare flytta vekk. Det er nå for det meste folk som høyrer heime i dei nærmaste grender i Verran, Rissa og Stjørna som er att og har halde ut. Det har nok ofte skorta på den teoretiske fagkunnskapen, men brukarane har hatt den føremun at dei er kjende med og innlevde i tilhøva på staden. Dei har då etter kvart teke dei naturlege hjelperåder som hamning, lauving, seterdrift og fjellslått i bruk, og det er viktige hjelperåder her. Etter kvart som den økonomiske evna veks vil dette verka attende på dyrking og drift av bruken.

Geitehaldet er sers viktig og ei god inntektskjelde her. Det er bygd eit lite meieri som var delvis i drift føre krigen, men har stått ubrukt i krigsåra.

Det er ikkje for mykje sagt at dei som byggjer og bur, strevar og slit under slike tilhøve, står på ein utpost i samfunnet, og dei fortener honnør for det. Feltstyraren, landbrukskandidat Helge Syrstad, har vori ein påliteleg rådgjevar, ja meir enn det, han har vori ein god og hjelksam ven for bureisarane der ute.

Då arbeidet tok til, var det lite eller inkje vegsamband med bygdene ikking. Ny Jord bygde veg over feltet og vølte om vegen ned til Verrabotn. Men nå i krigstida er det bygd riksveg frå Folla-foss i Verran til Rissa. Dette arbeidet har vori til stor økonomisk framhjelp for bureisarane og alt folket elles der ute. Vegspørsmålet

er nå løyst til fullnads og vil i stor mun skape om og betra vilkåra i desse bygdene. Det er noko av eit eventyr for den som vaks opp der ute når bilane nå rullar der det for få år sidan mest ikkje fanst veg, og når Verrasundet då var islagt heile vinteren, kunne det verta reint kritisk i matvegen både for folk og fe. Ein kan minnast vinteren 1939—40. Ein ny ferdaveg er opna som er vel verd å fara og sjå.

Det er rettnok så at nordsida av Verrasundet har lite dyrkingsjord, sørsgida er mykje betre stilla såleis, og serleg markabygda Mosvik—Leksvik. Ein sambandsveg her ville opna tilgangen til mykje god dyrkingsjord og fleire nye grender. I Rissa har Ny Jord eit bureisingsfelt, Seterli som er utskifta til 12 bruk. Der tok arbeidet til i 1935. Her er det for det meste fastmark og i det heile betre vilkår enn på Aursjømyra. Rissa (Skaugdalen) med sidedalføre — forbi Storvatnet til Vanvik — har også noko dyrkingsjord, og den planlagte sideveg her vil sikkert opna for nye bureisingstiltak.

MYRENE I VESTNES, VATNE OG SKODJE HERREDER.

Av konsulent Oscar Hovde.

Det norske myrselskap foretok sommeren og høsten 1944 myrinventering i 3 herreder i Møre og Romsdal fylke, nemlig i Vestnes, Vatne og Skodje herreder. Etter planen skulle det egentlig vært fortsatt med kystherredene i Hordaland, hvor inventering ble foretatt i det vesentlige av 5 kystherreder i Nord-Hordland i 1943. Men da det ikke kuhnne skaffes karter over de aktuelle områder der på grunn av tyske restriksjoner, måtte arbeidet i Hordaland utsettes inntil videre. Inventering ble i stedet fortsatt i Møre og Romsdal fylke. Over disse områder hadde Myrselskapet en del karter fra tidligere undersøkelser. I dette fylke ble nemlig i 1935, 1938 og 1939 undersøkt samtlige utpregede kystherreder — i alt 25 (jfr. Medd. fra D. N. M. nr. 3, 1936, og nr. 1, 2 og 3, 1940).

De 3 herreder som undersøkelsen i 1944 omfatter, kan betegnes som indre kystherreder, idet sjøfart og fiskeri er av største viktighet, men ved siden herav er dette også betydelige jord- og skogbruksbygder. Av disse herreder hører Vestnes til Romsdal fogderi og Vatne og Skodje til Sunnmøre fogderi. Herredene grenser til hverandre og har meget gode kommunikasjoner både til sjøs og særlig til lands. Få herreder i fylket er vel så godt forsynt med veger som disse. Her er veger så vel langs fjordene som på kryss og tvers i de indre deler av herredene. Og rutebiler trafikkerer daglig til og fra Alesund.

Framgangsmåten ved inventeringen er den samme som tidligere. Kartgrunnlaget har vært N. G. O.s originalkopier i målestokk 1:50 000.

Da alle 3 herreder behandles under ett og i tilslutning til hva som er publisert tidligere under beskrivelsen av myrene i kystherre-